


Lett å gløyme, men...



Hendingar på 80-og 90-talet brak-te Den norske kyrkja inn i den største krisa ho har vore i sidan reformasjonen, ja, kanskje nokon gong.

Det var strid om framkalla abort, kven som kan ha kyrkja sitt embete, tilgangen til kyrkja sine sakrament, og homofilispsørsmålet. Det var tilhøvet til staten, liberal teologi og splitting mellom kristne. Men bak alt dette ligg nok at vi ikkje tek inn over oss at vi har med den Heilage å gjere, og at Han meiner alvor med det Han seier i sitt Ord. Og, at vi berre kan bli frelste i ei sann Kyrkje.

Av Svenn Martinsen

No er vi alt 4 år inn i eit nytt tiår. Framleis er vi midt i krisa, akkurat som alle dei historiske kyrkjesamfunn i vesten er det. Men det er lett å gløyme. Vi kjenner fleire løysingar ut

av uføret. Nokre konverterer til andre kyrkjer. Andre seier at det er greitt der eg bur, så eg vert verande.

Overgangar til andre kyrkjesamfunn kan vere ei løysing for einskildpersonar, men ikkje for heilskapen. Å satse på ein god prest og god lokalkyrkjelyd kan gå bra ein stund, men så kjem presteskiftet, og kva då?

Eg vil utfordre alle truande og alle kyrkjelydar på dette:

Det er trong for ei ny kyrkjeleg løysing som tydeleg knytter seg til den apostoliske og allmennkyrkjelege tradisjonen. Berre slik kan vi leve som kristne og kyrkje i samsvar med det vår Gud og Herre Jesus Kristus har kalla oss til.

Og det er jo det som var meininga, ikkje sant? Meininga med kristenliv, og kyrkjeliv, ja, meininga med livet! Eg kjem seinare attende til kva for løysingar eg ser for meg.